**FJALER KOMMUNE**
**Sørviskontoret**

BARNE- OG FAMILIEDEP. | KASS ÅR.
ARKIVNR.: 330.01
30 NOV 2005
SAKSBEH: | SIGN
2005/03580 - 322

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

| Vår ref. | Dykkar ref. | Arkiv | Dato: |
|---|---|---|---|
| 05/809-3/SLH<br>05/6617 | | K1-A1 | 25.10.2005 |

**Høyring - framlegg til revidert rammeplan for barnehagen**

Barnehagane i Fjaler kommune har hatt framlegg til revidert rammeplan ute på høyring og det har komme fylgjande merknader:

- Det er altfor kort høyringsfrist til at personale og foreldre kan vurdere framlegget på tilfredsstillande måte.
- Revidert rammeplan skal gjelde frå 01.01.06. Det betyr at det ikkje vert tid tid for kommunane og private barnehage-eigarar å legge til rette for kompetanseoppbygging og lokal implementering av rammeplanen før arbeidet etter den nye planen skal vere i gang i barnehagane. Dette inspirerar ikkje til å gjere eit grundig arbeid med innføringa av planen. (jmf. arbeidet med innføring av "Kunnskapsløftet" i skulen).
- Det er sett av altfor lite midlar til kompetanseoppbygging (jmf. reformen i skulen, igjen).
- Viser til s. 25 i høyringsdokumentet, pkt. 7.2 om dokumentasjon: Det må presiserast kor tid eit evt. register er "*...av en slik art..*" at det er konsesjonspliktig.
- Frå personalet i ein av barnehagane:
  - Dei 5 fagområda har tydelegare mål enn før.
  - Rammeplanen er kortare og difor lettare å bruke som eit arbeidsreiskap.
  - Veldig mykje av det som står der er sjølvsagt for oss som har jobba lenge, lite nytt men det er brukt andre ord.
  - Ynskjer at den hadde vore meir konkret i høve til vurdering, kva er viktigast å vurdere og korleis gjer vi det.

Med helsing

Sissel L. Hansen
Sissel Losnegård Hansen
*konsulent*

Direkte tlf: 57 73 80 06